

## Referat FAU-møte 18. september 2023

**Desse møtte:** Mari Eide, Gunn Marit Fossedal, Renate Njøtøy, Kim Arnes, Anita Einen, Irene Sanden og Marlen Trovåg.

**Meldt fråfall:** Gro Frøyen

### **Sak 1: Mellombels skule**

Mari Eide og Anita Einen har hatt møte med rektor 6. september (før vedtak av ny skule vart gjort)

Status: Er i gang med grunnarbeidet på mellombels skule. Planen er at det skal vere klart i november. Kor tid det blir innflytting veit ein ikkje eksakt, men mest sannsynleg på denne sida av jul. Den mellombelse skulen er nybygde brakker.

### **Sak 2: Personalsituasjon**

Utlysing ligg ute med fortløpande søknadsfrist

Manglar framleis faglærarar.

### **Sak 3: Skyss til/frå Austrheim**

Frå no blir det frammøte på Hardbakke og undervisning fram til kl. 11 på tysdagar. Dei reiser til Austrheim med eigen skyssbåt kl. 11.00. Når dei returnerer til Hardbakke skal det vere ordna skyss.

### **Sak 4: Barnevakten**

Foreldremøte med Barnevakten denne veka «Ung på nett» Med Åsmund Røed. Onsdag mellomtrinnet. Torsdag ungdomsskulen.

Dekka av UDIR og Solund kommune. FAU er ikkje med og støttar økonomisk.

### **Sak 5: Informasjon om studietur**

Studieturen til lærararen skal ha fokus på leseforståing, felles praksis. Spesialpedagog skal vere med og ha opplegg for dei.

Opplegget for elevane desse dagane er byrja å bli klart.

### **Sak 6: Trafikktryggleik**

Informasjon frå rektor angående endring av køyremønster ved Idrettsbygget.

Når ungdomsskulen skal rivast vert busstoppet fjerna der og elevane må gå frå Solund Næringsbygg.

FAU ynskjer tydelegare retningslinjer på trafikktryggleik med tanke på mellombels skule og ny skule.

Det vart diskutert kor trafikkfarleg heile vegen frå Solundheimen og forbi Håneskrysset. Stor fart, burde vore fleire fartsdumpar.

Leiar I FAU tar med seg dette vidare til møtet med rektor i slutten av september.

### **Sak 7: Økonomisk støtte til verdensdagen for psykisk helse**

FAU støttar det flotte arrangementet «Guta som gret» med kr. 2 000,-.

### **Sak 8: Planlegging Foreldrerådsmøte**

Måndag 23. oktober kl. 18.15-20.15

Invitere Monica Thune om lokale transportmidlar

Invitere rektor om studieturen.

Sjekke vedtektene om kva som skal vere med på årsmøtet skuleåret 2023/24.

### **Sak 9: Plan for året**

- Barnevakten om Nettvett den 20. og 21. september
- Guta som gret med Daniel Kvammen i oktober
- Juletefest i romjula. Forslag torsdag 28. desember kl. 17.00.
  - Juletre
  - Julepynt
  - Nissegraut
  - Julekaker
  - Nisse med gåver.
  - Ringleikar
  - Henvending til skulemusikk, kulturskule, pensjonistlaget, Frivillegsentralen, barnehage og skule om ein har lyst å bidra med innslag, pynt etc. Mari og Anita sender e-post.
  - Høyre med 10. klasse om dei kan rydde/vaske.
  - Booke Grendahuset. Kim booker.
  - Prosjektør med tekst på sangane

Julegeneral er Marlen Trovåg

Prøve å få til eit foredrag med Gunn Waage i april. Irene tek kontakt.

Eventuelt: Desse er FAU-representantar frå dei ulike klassane:

SFO: Irene Sanden

3. klasse: Må velje representant

4. klasse: Anita Einen

5. klasse: Gro Frøyen (nytt skuleår, på val)

6. klasse: Marlen Trovåg

7. klasse: Gunn Marit Trovåg (nytt skuleår, på val)

8. klasse: Mari Eide

9. klasse: Kim Arnes (nytt skuleår, på val)

10. klasse Renate Njøtøy

Heimesida: Avtalen er sagt opp med heimesida. Så denne er nedlagt. Planen er at informasjonen skal over på Solund kommune si heimeside.